



## PÅ TUR I FLORA KOMMUNE

# TURBOKTRIMMEN 2009

Har du planar om å starte å trimme eller er du i god form og ynskjer å oppleve nye stadar?

**Turboktrimmen 2009** gir deg 10 turforslag å velje i mellom. Det ligg ei turbok på alle turmåla. For å vere med i trekninga til hausten må ein skrive seg inn i boka med namn og dato. I tillegg må ein skrive dato på registreringskjemaet/arket som skal leverast inn når sesongen vert avslutta. Registreringsperioden er frå og med mai til og med september 2009.

Turområda finn ein på følgjande kartblad i 1:50 000 kartserien:

Florø Kart 1118 III, Eikefjord 1118 II eller Naustdal 1218 III.

Du kan skrive ut kart med innteikna stiar frå nettsida til Flora kommune

[http://kart.nordfjordnett.no/gislinewebinnsyn\\_flora/](http://kart.nordfjordnett.no/gislinewebinnsyn_flora/).

Her finn du også lenkjer til ulike grendalag sine heimesider med omtale av nokre av turane.

Slik finn du stiane på nettsida til Flora kommune: Opne linken over. Sett alle innstillingar slik som vist her. Trykk på alle eller på den turen du vil sjå nærare på.

Det vil bli "turbokfest" med trekning av premiar og diplom vil bli tildelt til alle som har teke 5/8 postar i november.

Barn under 12 år er med i trekning på av gåvepremiar ved å ha teke 5 postar.

Vaksne er med i trekning på gåvepremiar ved å ha teke 8 postar.

Det vil også bli eigen premiering av dei som har teke alle turpostane

Ferdselsrett og ferdselsvett følgjer hand i hand – meir om allemannsretten og friluftslova finn du på [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)



Ønskjer du å gå saman med andre, kan du bli med på turlaget sine fellesturar enten onsdagane eller søndagane.

På [www.turistforeningen.no/flora](http://www.turistforeningen.no/flora) finn du omtale av turane og hyttene til turlaget.

Ved å besøke hyttene til turlaget er du med i trekning av gåvepremie. Sjå meir om deltaking på heimesida til Turlaget.

Ein del av turane som er med i Turboktrimmen 2009 er omtala i OPPTUR-boka for Sogn og Fjordane (Selja Forlag). Du kan få kjøpt den ved å ta kontakt med Astrid B Eliassen – 415 49 299 som har boka til sals for Flora Turlag.

The screenshot shows the Flora kommune website interface. At the top right is the Flora kommune logo. Below it is a search bar with 'Velg karttype:' and a dropdown menu set to 'Friluftsliv'. There are icons for information, social media, and other services. Below the search bar is a 'Søk' button. Underneath is a 'Velg søk' section with several dropdown menus: 'Interessante stadar' (set to 'Interessante stadar'), 'Gruppe' (set to 'Friluftsliv'), and 'Type' (set to 'Turboktrimmen 2009'). There is a 'Fjern søk' button. Below this is a list of search results under the heading 'Friluftsliv Turboktrimmen 2009'. The results include links to 'Askerova', 'Brandsevåsen - Brandsev', 'Eikefjordstelen', 'Hatlesetnipa', 'Haukånipa', 'Hovden', 'Litlevatnet i Norddalsfjorden', 'Midtbøstelen/ Midtbenipa', 'Skålehellet', and 'Terdalskeipen'.





## Registreringsskjema for Turboktrimmen 2009

Innlevert av:		
<b>Namn:</b>		
<b>Alder:</b>		
<b>Telefon:</b>		
Dato	Tur	Kort omtale om turane (Du finn alle turane innteikna på Flora kommune sine heimesider under kart og Turboktrimmen)
	1	<b>Øya Hovden.</b> Turbok på Vemannsrøysa (239 moh) og ved Kvannahovden fyr. Viser til turbeskriving på Nordsjøløypekart. Nordsjøløypekart får ein på turistkontoret og på kaia på Berekstad som er anløpskai for båtrutene. Flora Turlag har søndagstur. Familietur.
	2	<b>Øya Askrova.</b> Turbok ved Skaret (220 moh) og ved grillplassen ved Hammersetvatnet. Turløypene er beskriver på Infotavle på kaia, det er også utplassert infotavler ved 3 ulike startpunkt på øya. Ein finn kart på kaia og i butikken. Turløype start frå Myra/Vallestad, ved Hammerset eller Støylen (bratt løype). Flora Turlag har onsdagstur. Familietur
	3	<b>Brandsøyåsen</b> (Solheimsåsen 293 moh). Turboka ligg i postkasse på toppen og der er kikkert som viser namn på øyar, fjell osv. Turstiar opp frå parkeringsplass i Brandsøy, Solheim og Torvmyrane skule. Omtala i Oppturboka. Turen opp til Brandsøyåsen tar frå 0,5 til 0,45 time. Familietur.
	4	<b>Hatlesetnipa</b> (583 moh). Turbok i varden. Godt merka sti frå parkeringsplass på Hatleset. Ein kan også gå frå Grov rett ovanfor trafostasjonen via Flogen. Omtala i Oppturboka. Turen opp tar om lag 2 timar. Familietur.
	5	<b>Littlevatnet i Norddalsfjorden.</b> Turboka ligg på flatane midt på vatnet. Skogsveg frå Gravplassen i Norddalsfjorden fram til vatnet – turen opp til vatnet tar om lag 1 time. Dersom ein vil unngå traktorvegen kan ein ta turen gjennom Ulldalen – start frå Strømsnesstølen. Omtala i Oppturboka. Familietur.
	6	<b>Midtbøstølen/Midtbønipa</b> (970 moh). Turbok i varden på Midtbønipa og i postkasse på Midtbøstølen. Godt merka sti frå Moane i Norddalsfjorden fram til stølen – ca 0,45 time. Vidare opp til Midtbønipa er det ein umerka sti ca. 2,5 t. Midtbønipa - ca 2,5 t - kan ein også nå frå Løkkøbøside der det er ein umerka sti. Barnas Turlag har tur til Midtbøstølen. Lett tur til Midtbøstølen og tyngre tur til Midtbønipa.
	7	<b>Eikefjordstølen</b> (390 moh). Turboka er på stølsvollen. Start ved rasteplassen på rv 5. Ein kryssar vegen og følgjer skogsveg eit kort stykke og held til høgre og kjem inn på sti som går austover mot eit gjerde. Her kjem ein inn på god sti opp til stølen. Turen opp tar om lag 1 time. Familietur.
	8	<b>Haukånipa</b> (790 moh). Turboka ligg i varden på toppen. Skogsveg frå Haukåvatnet og til Haukåstølen vidare er det sti til toppen. Det er også sti ned til Grytadalen slik at ein kan gå rundtur og komme att nedanfor Haukåstølen. Omtala i Oppturboka. Turen opp tar om lag 2,5 t. Flora Turlag onsdagstur. Litt tung tur.
	9	<b>Skålefjellet</b> (765 moh). Turboka ligg i varden. Frå Stavang kan du starte på sti frå velteplassen ved rv 611 ved sagbruket om lag 500 m frå hovudvegen. Eller du startar i Litle Høydalen ved Hilleren og følgjer traktor veg oppover eit stykke. Sti frå Øvre Standdalen. Omtala i Oppturboka. Turen opp tar om lag 2 timar. Familietur.
	10	<b>Terdalskeipen</b> (744 moh). Turboka blir lagt ut i varden i mai/juni. Merka sti frå parkeringsplassen ved Magnhildskaret. Sør om Langevatnet og opp til Akslaskardet. Deretter tar ein sørover langs ryggen til varden. Turen tar om lag 2 timar. Flora Turlag har onsdagstur. Familietur.

Angitt turtid er gangtid – så husk å legge til tida for pausar. Mange av turane er skildra av dei respektive grendalag sine heimesider **Ferdig utfylt skjema kan leverast i Turistinformasjonen eller på Tenestetorget.**